



GOD SOMMAR  
FRÅ PROSJEKTGRUPPA



Møte med ein  
ordførar



FØLG, LIK OG DEL  
OSS PÅ FACEBOOK  
NYE SOGNDAL  
KOMMUNE



DET ER BERRE 69  
DAGAR TIL  
PERSONALSAMLINGA  
VÅR, OG 1 ÅR OG 27  
VEKER TIL VI VERT  
EIN FELLES  
STORKOMMUNE.  
DET VERT KJEKT

# INFOBREV 6 / 18

## Personalsamling i Sogndal 29. og 30. august

Alle tilsette er hjarteleg velkomne til personalsamling i Sogndal 17.00 – 19.30.

Programmet inneheld mellom anna:  
**Grillmat, info frå prosjektrådmann og presentasjon av kommunalsjefar, kulturelt innslag, fagleg påfyll.**

Det vert **to dagar med likt program**, slik at dei som jobbar kveldsskift, får høve til å byte vakt og mogelegheit til å delta.

Påmeldingskjema til personalsamlinga vert sendt ut til leiarar på kvar eining med påmeldingsfrist ei veke før samlinga. **Set av dagane allereie no. Det vert høve til å ta buss frå Balestrand og Leikanger ☺**

## Vidare framover:

- Infobrev 7/2018 i august
- Møte i politisk arbeidsgruppe: Fornyng og utvikling av lokaldemokratiet
- 20. september: møte i Fellesnemda



## Kommunevåpen

Fristen for innsending av forslag til idékonkurransen er omme, og kring 250 forslag har komme inn. Ein jury beståande av Aud Kari Isane, Rita Navarsete, Kjetil Kvåle, Trude Risnes og Frode Bøthun vil vurdere forslaga. Eit utval av ideane vert publiserte i ei nettavstemming i august.

Av alle dei gode forslaga skal juryen velje ut kring tolv teikningar/skisser med grunngjevingar. I samarbeid med Sogn Avis vert det gjennomført ei avstemming og «folkets favorittar» vert

kåra. Dei framlegga som får flest stemmer vert premierte slik: nr 1: kr 5.000, nr 2: kr 3.000, nr 3, kr 1.000. .

Utsendte forslag kjem først juryen i hende digitalt og anonymisert. Forslaga er nummererte, men juryen kan sjå utkasta i originalformat ved møte 26. juni i Leikanger.

Ordførarane Jarle Aarvoll, Jon Håkon Odd og Harald Offerdal har fremja konkurransen og engasjementet hjå born og unge i alle dei tre noverande kommunane. Dei har besøkt skular og fått flust med innspel, meiningar so vel som gode spørsmål. Leiar av Fellesnemnda, Jarle Aarvoll,

utfordra mellom anna ungdommen til å seie noko om kva som er typisk for systrendingar, balestrendingar og sogndøler. Store spørsmål som vekker både humør og kreativitet hjå nokon og einkvar. Juryen ser fram til å verte kjende med ideane frå folket.



## 12. og 13 september vert det samling for alle tillitsvalde i Leikanger, Balestrand og Sogndal

Prosjektrådmann har invitert inn alle dei tillitsvalde frå dei tre kommunane til eit møte. Prosjektet er godt i gang, samstundes som det er mange saker som må løysast. I det daglege er det jo dei hovudtillitsvalde frå hovudsamanslutningane prosjektadministrasjonen treff, men denne gongen ønskjer ein å nå alle tillitsvalde på dei ulike einingane.

Tema er orientering om prosjektet, sjekka ut kva



tilsette er opptekne av, korleis løysa utfordringar på god måte og korleis handtere fusjon og samanslåing. Med på møtet vert og Kommunalsjefen for mellom anna løn/personal, og dei tre personalsjefane. Ein ser fram til gode dagar med informasjon, innspel og drøfting av viktige tema.

Vi oppmodar alle lesarane våre til å like, fylgje oss og dele sida vår på Facebook.



Ordførar Jarle Aarvoll tok med seg Sogndal kommunestyre og representantar frå prosjektadministrasjonen til sommaravslutning i Hodlekve. Her fekk me høyra om spennig satsing og fokus på betre tilbod til fastbuande og tilreisande. Det er allereie investert for tresifra millionbeløp og det ligg føre store planar om vidare utvikling. Utbygginga er stor, og det gjev ringverknader for handel og fritidstilbod, og er med å setja den nye storkommunen på kartet som ein enno meir attraktiv reiselivsdestinasjon. Sogndal kommune fekk ros frå utbyggjarhald for offensivt og positivt samarbeid med og i prosjektet. Snøen og tilbodet i Hodlekve trekkjer folk frå heile verda, og er med på å bidra til positivt omdømme til regionen.



## Møte med ein ordførar

### Jarle Aarvoll – Sogndal kommune

1) Kva stilling hadde du før du vart ordførar?  
Førstekonsulent i NAV

2) Når vart du ordførar?  
2007

3) Kva bil køyrer du?  
Opel Insigna, Honda scooter men gjerne på sykkel eller til fots.

4) Når du ikkje er på jobb, kva favoritt hobby har du?

Til fjells på ein eller annan tur sommar som vinter. Likar å vere med folk i ulike sosiale samanhengar. Fotball, reiser og opplevingar.

5) Favorittfilm?

Ser ulike sjangrar, ingen spesiell favorittfilm

6) Favorittmusikk?

Bruce Springsteen, rock og pop

7) 3 stikkord om kva du ønskjer for den nye kommunen vår?

- Endringsvilleg
- Framoverlent
- Gode tenester, og at dette resulterer i eit godt og positivt samfunns- og arbeidsplassutvikling i heile den nye kommunen

8) Kva set du mest pris på i samarbeidet med dei to andre Ordførarane?

Me er ulike, men samstundes opne og ærlege ovanfor kvarandre.



## IKT-drift

I samband med kommunesamanslåing er det naturleg å sjå på organisering av IKT-drift for nye Sogndal. Kommunane som danner nye Sogndal har ulik grad av samarbeid med fylkeskommunen. Balestrand og Leikanger har full IKT-drift hjå fylkeskommunen, medan Sogndal har drift av enkelte IKT-system hjå fylkeskommunen. Sjølv om Nye Sogndal vert ein større kommune i Sogn, vert me likevel små i den store «IKT-samanheng». Me har byrja å sjå på framtidige behov, kva som vil vera hensiktsmessig drift, organisering og samarbeid med andre med vidare.

Med bakgrunn i Fylkeskommunen si varsla oppseiing av IKT-samarbeidet med kommunane inviterte me rådmenn og IKT-ansvarlege frå nabokommunane våre til eit kartleggingsmøte om framtidig IKT-drift 1. juni. I tillegg til prosjektrådmann og IKT-prosjektleder i nye Sogndal deltok Balestrand, Leikanger, Luster, Sogndal, Lærdal og Vik. Årdal og Aurland meldte avbod grunna kolliderande avtalar.

Tema som vart drøfta på møtet inkluderte

- Kva tenester har dei ulike kommunane frå fylkeskommunen i dag, og korleis ser kvar einiskild kommune på den nye situasjonen mht fylket?
- Korleis sikra kostnadseffektive løysingar i framtida, og kva alternativ har ein?
- Kan Nye Sogndal kommune vera interessant samarbeidspart innan IKT, eller tenkjer de administrativt til dømes SYS IKT, Bergen IKT og så bortetter?

Resultatet av møtet er at me har avtalt å arbeide vidare med å konkretisere eit mulig samarbeid.

## Orientering til kommunestyret i Leikanger

Under kommunestyremøtet i Leikanger 21. juni heldt prosjektrådmann Stig Arne Thune ei orientering om status i prosjektet, pågåande arbeid på diverse arenaer, samt utfordringar framover.

Han gjorde greie for prosjektorganisasjonen og dei viktige rollene til dei tre rådmennene i Leikanger, Sogndal og Balestrand kommunar. So langt er fire i toppleiinga tilsette, medan to toppleiarar skal rekrutterast på helse, omsorg og velferdsfeltet so vel som økonomisjef. Kommunestyret fekk sjå overordna masterplan som syner aktivitetar kvartalsvis fram til 2020. Vidare informerte prosjektrådmannen om dei åtte administrative arbeidsgruppene og dei to politiske arbeidsgruppene. Publikum fekk sjå 3 av kring 250 forslag til nytt kommunevåpen.

Av utfordringar vart informasjonsbehova trekte fram. Sjølv om ikkje alle tilsette og innbyggjarar vert påverka i særleg grad gjennom prosessen, vil alle ha god og oppdatert informasjon om kva som skjer, og kva som skal gå føre seg. Andre utfordringar er harmonisering av lønn, gebyr, felles dokumentsenter, eigna depot, IKT-løysingar og ikkje minst: samarbeid. Kommunestyret og publikum vart oppfordra til å følgje og like nye Sogndal kommune på Facebook. Oppmerksame og engasjerte folkevalde stilte fleire spørsmål om arkiv, infoarbeid og politisk organisering. Mange ventar i spaning på framhaldet.





Kommunene Balestrand, Lelkanger og Sogndal går saman til ein ny felles storkommune i Sogn frå 01.01.2020. Den nye kommunen vil få nærare 12.000 innbyggjarar og meir enn 3.000 studentar. Nye Sogndal kommune vil ha nær 1.200 årsverk. Den nye kommunen vert ein vekstkommune, der me skal leggje til rette for gode og effektive tenester. Ein finn eit mangfaldig og offensivt næringsliv, i tillegg er kommunen ein viktig vertskommune for sentrale statlege og regionale funksjonar. Nye Sogndal byr på urbane kvaliteter med eit aktivt idretts-, lag og organisasjonsliv. Kommunen har mange flotte buområde og vakker natur, samt eit rikt kultur- og fritustilbod for alle. Regionen er ein av dei største reiselsmåla i landet, og har mykje å by på både for fastbuande og for tilreisande. Nye Sogndal skal fremja godt samarbeid med innbyggjarar, lag og organisasjonar, næringsliv og andre aktørar. Vil du vera med i Rådmannen si toppleiargruppe?

## Kommunalsjef helse, omsorg, velferd

Kommunalsjef har hovudansvar for å sikre og vidareutvikla gode og effektive tenestetilbod i sin sektor, men skal og sikra samarbeid på tvers i organisasjonen og med andre aktørar. Kommunalsjefen har overordna ansvar eiga leiargruppe. Kommunalsjef vert sentral i handsaming av saker til politiske organ.

### Kommunalsjefen skal:

- vere ein tydeleg, strategisk, systematisk og handlegkraftig leiar som har evne til å kommunisere, motivere og delegerer
- ha gode samarbeidsevner, vilje og evne til å tenkje heilskap og fornying innanfor eige fagområde
- tenkje heilskapleg utover eige ansvarsområde, og i samarbeid med andre kommunar og offentlege/private instansar
- ha inngående økonomi- og budsjettforståing

For begge stillingane gjeld eigne krav til utdanning, erfaring og personlege eigenskapar. Søknadstist 01.07.2018.

For meir informasjon, sjå [www.nye.sogndal.kommune.no](http://www.nye.sogndal.kommune.no), [firm.no](mailto:firm.no), eller heimesidene til Balestrand, Lelkanger, Sogndal.

### Kontaktpersonar:

Bedriftsrådgjevar/rekrutteringsansvarlege  
Gro Mykkeltvedt [gro@gocbergen.no](mailto:gro@gocbergen.no) 489 39 125

Prosjektrådmann  
Stig Arne Thune  
[stig.arne.thune@sogndal.kommune.no](mailto:stig.arne.thune@sogndal.kommune.no) 950 25 812



## Økonomisjef

Økonomisjef har hovedansvar for å leie og koordinere den samla økonomistyringa i kommunen. Vidare skal Økonomisjef leggje til rette for gode prosessar, rapportering og økonomiske analyser, saksframlegg og oppfølging av politiske vedtak med meir. Økonomisjefen skal bidra aktivt på tvers av sektorar, og vil ha direkte personalansvar for nærare 15 kompetente medarbeidarar.

### Økonomisjefen skal:

- vere strategisk i sin planlegging og rettleiing
- sikra god verksemdsstyring
- ha personal-, økonomi-, utviklings- og resultatansvar for eige område
- sikra god finansforvaltning
- sikra drift, samordning og utvikling av økonomisystema i den nye kommunen